

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK.: PLS	S.BEH.:
- 2 MAI 2008	
S.NR.: 08/173-106	
ARKIVKODE: 412.3	AVSKREVET:

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
08/300-7/JAA

Arkivkode
113 Q00 &13

Dykkar ref.

Dato
29.04.2008

Nasjonal transportplan 2010-2019. Høyringsvar

Sogndal kommune har innspel knytt til Nasjonal transportplan 2010-2019 innafor følgjande tema:

- vegutbygging korridor 5 – Rv 5
- gang- og sykkelveg
- drift/investering.

Vegutbygging korridor 5 – Rv 5

I økonomiplanen for 2008-2011 til Sogndal kommune heiter det som eit av dei 10 høgast prioriterte arbeidsområda at :

"vi skal bidra til utbygging av ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg frå Sogndal sentrum til Kaupanger med miljølok i Gravensteinsgate og ny Loftesnesbru".

Rv5 bind E16 og E39 saman, og er ein viktig del av stamvegnettet. Det har skjedd utbetringar på delar av denne vegstrekninga dei seinare åra, men det står framleis att fleire område med for dårleg vegstandard. Dårlig vegstandard gjev store ekstra kostnader for næringslivet i regionen, som er avhengig av effektiv transportavvikling for å kunne hevde seg i konkurransen med verksemdar som er lokalisert nærare dei store marknadene.

Det er viktig at vegstrekninga mellom Sogndal sentrum og Kaupanger vert utbetra, både for gjennomfartstrafikken og ut frå lokale omsyn. Følgjande tiltak, i prioritert rekkjefølgje, er naudsynt å gjennomføre:

- ny Loftesnesbru
- miljølok i Gravensteinsgata
- utbetring og sikring av strekninga mellom Hagalandet og Valeberg.

Denne vegstrekninga, særleg knytt til Loftesnesbrua og gjennomkøyring i sentrum, er prega av dårleg trafikksikring, til tider opphoping av trafikk som gjev dårleg effektivitet i transportavviklinga og monalege negative miljøverknader lokalt. I løpet av 2010 vil innkrevjinga av bompengar både i Fjærland og Mannheller/Fodnes vera avvikla, og

kostnadene ved å køyre Rv5 redusert. Dette vil over tid gje ein monaleg auke i trafikken over Loftesnesbrua og gjennom Sogndal sentrum. Naudsynte tiltaka knytt til Loftesnesbrua og Sogndal sentrum må få første prioritet, og tiltak bør vera starta opp før innkrevjing av bompengar i Fjærland og Mannheller/Fodnes er avvikla. Dette vil bidra til å gje ein trafikkisikker og miljøforsvarleg vegstrekning gjennom Sogndal sentrum, samstundes som trafikkavviklinga kan skje på ein effektiv måte.

1. Ny Loftesnesbru.

Ny bru over Loftesnessundet har vore planlagt lenge, og vore inne i dei seinast vedtekne transportplanane. Denne delen av Rv 5 er i dag ei trafikkfelle, særleg for gåande og syklande. Arbeidet med ny reguleringsplan for området er kome i gang. Statens vegvesen opplyser at reguleringsplanen vil verta lagd ut på høyring i våren 2008, med sikte på vedtaking i løpet av året.

Kommunen er sers kritisk til at det i framlegg til NTP ikkje er teke med midlar til ny Loftesnesbru. I transportetatane sin rutevise plan for stamvegnettet ligg ny Loftesnesbru inne i gruppe 1 med 80 mill. kroner. Vi meiner at dette tiltaket bør gjennomførast så snart som råd er. Oppstart må vera seinast i 2010.

2. Miljølok i delar av Gravensteinsgata

Denne vegstrekning har høgast trafikktalet på heile Rv 5 – 7 900 kjt/døgn i 2005. Strekninga er prega av låg trafikktryggleik, miljølemper frå trafikken og til tider opphoping av trafikk. Det er reguleringsmessig lagt til rette for bygging av miljølok i Gravensteinsgata. Det vart i 2007 gjennomført ein mogleighetsstudie for miljølokk i Gravensteinsgata. Denne viser ein utbyggingskostnad på 180 mill. kroner, +/- 25%. Vi viser til Soria-Mora erklæringa der det heiter at ”Regjeringa vil bidra til at støy- og forurensningsutsette vegstrekningar bygges inne i miljølokk”. Utbygging av ein miljølok for denne strekninga bør realiserast i først periode av NTP. Tiltaket er viktig ut frå omsynet til trafikk-tryggleik, miljø, effektiv trafikkavvikling og som grunnlag for utvikling av Sogndal sentrum.

Bygging av miljølok i Gravensteinsgata er lagd til grunn i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplan for Sogndal sentrum. Eit miljølok i delar av Gravensteinsgata vil binde sentrum saman, og område Kulturhuset-Sogningen-Trudvang vil verta betre knytt til sentrumsparken-Fjæra-fjorden. Moglegheitene for å utvikla eit samla, triveleg sentrum for dei som kjem til Sogndal for å handle, turistar og for dei som bur i sentrum vert monaleg betre. Bygging av miljølok i Gravensteinsgata bør starte i 2010.

3. Utbetring og sikring av strekninga mellom Hagalandet og Valeberg

Strekninga Hagalandet -Valeberg har smal vegbane, i periodar stor trafikk og syklande/gåande i vegbana. Dette er ein trafikkfarleg strekning. Det er behov for utbetring av vegbana, ev. ved tunell frå Hagalandet – Valeberg og utbygging av gang/sykkelveg på strekninga. Vi meiner at dette tiltaket må ha prioritet etter ny Loftesnesbru og miljølok i Gravensteinsgate.

Gang- og sykkelveg

Det vert lagd opp til ein auka satsing på gang- og sykkelveg i framlegget til NTP. Det er positivt. Betre tilrettelegging for gåande og syklande gjev redusert bilkøyring og redusert miljøproblem. Tiltaket verkar også positivt ift. betra folkehelse og betre trafikk-tryggleik. Det er serleg viktig knytt til skuleveg.

Det er serleg to område i Sogndal kommune det er trong for betre utbygd gang- og sykkelveg.

Samanhengane gang- og sykkelveg i sentrum

Det er i dag bygd ut gang- og sykkelveg for Loftesnes til Kjørnes, og korte strekningar langs rv. 5 og fv. 211. Desse gang- og sykkelvegane heng ikkje saman i eit samanhengane gang- og sykkelvegnett inn til sentrum og gjennom sentrum. Det er grunn til å rekne med ein monaleg auke i bruken av gang- og sykkelveg dersom desse vert bygd saman. Det er serleg viktig med eit godt utbygd gang- og sykkelveg for born og ungdom, studentar og for eldre. Det bør byggjast ut samanhengande gang- og sykkelveg frå Kjørnes/Nestangen til Skjer, Kvåle bru og Kvåle/Gurvin også med monalege forbetringar for gåande/syklande gjennom sentrum, jf vedlagd skisse. Denne utbygginga gjev også betre tilgang til fjorden og betre sambinding mellom p-anlegg på Øyane og snøggbåtkaia. I skissa ligg det inne om lag 3 km med ny gang- og sykkelveg.

Gang og sykkelveg til Norane oppvekstsenter


Rv 55 er ikkje ein del av stamvegnettet, men likevel ein mykje trafikkert vegstrekning med årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2200. Vegen er strekningsvis smal, utan midtstripe og lita etter ingen vegskulder. Fotgjengarar og syklistar vert ofte utsett for trafikkfarlege hendingar. Det er serleg viktig å betre trafikktryggleiken for skuleelevane innafor skuleskyssgrensa på 4 km frå skulen. Det bør difor byggjast ut gang- og sykkelveg langs Rv. 55 på strekninga Fardal – Ylvisåker – avkøyrsla til Nordnesfeltet. Vi viser til vedlagd innspel frå samarbeidsutvalet ved Norane oppvekstsenter, Norane Idrettslag, Norane Ungdomslag og Norane skule og ungdomskorps.


Drift/investering

I framlegget til NTP frå etatane er midlar til drift av samferdselanlegg prioritert, noko som går ut over storleiken på investeringsramma. Vi sluttar oss til at det er trong for å styrkja rammene for drift av samferdsleanlegg, men meiner at framlegget frå etatane har for store verknader ift. investeringsramma. Den samla økonomiske ramma for NTP bør aukast, slik at investeringsomfanget kjem opp på eit nivå som gjer det mogleg å gjennomføre investeringar som ligg i gjeldande NTP, m.a. ny Loftesnesbru. Om den økonomiske ramma ikkje vert auka bør det skje ei omfording frå drift til investering, for å oppnå det same ift. investeringsnivå.

Til orientering arbeider kommunen også med miljøpakke Sogndal, jf vedlagd notat.
Miljøpakke Sogndal inneheld fleire element enn det som kjem fram i denne uttalen, t.d.
timebuss Leikanger, Sogndal og Årdal.

Med helsing


Jarle Aarvoll
ordfører


Jostein Aanestad
rådmann

Vedlegg: Miljøpakke Sogndal

Nasjonal transportplan – miljøpakke Sogndal.

1. Innleiing

Formannskapet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal følgje opp moglegheitsstudien av miljølukk i Gravensteinsgata og kommunen sitt innspel til høyringa av nasjonalt transportplan 2010-2019 (NTP). Grappa er sett saman av Jarle Aarvoll, Heidi-Katrin Osland og Karen Marie Hjelmeseter. Rådmannen er sekretær for grappa.

I økonomiplanen for 2008-2011 heiter det:

”vi skal bidra til utbygging av ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg frå Sogndal sentrum til Kaupanger med miljøluk i Gravensteinsgate og ny Loftesnesbru”

Det heiter også at:

”vi skal gjere standsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å etablere friområde med badelagune på Øyane, etablere cruise-mottak i området, byggje ny bru over Sogndalselva og fullføre fjordstien frå Rusebakken til Loftesnesbrua og ruste opp geilane og området ved kaia”

Arbeidsgruppa meiner at kommunen gjennom NTP-arbeidet skal leggja følgjande mål til grunn:

- styrkja Sogndal som regionsenter ved at betre dei trafikale forholda og leggja til rette for utvikling av eit trivelegare sentrum
- styrkja den regionale utviklinga ved å betre kommunikasjonane i Sogn – eit bu- og arbeidsområde
- styrkje Sogndal som skulestad ved å byggje ut samanhengane gang- og sykkelveg i sentrum og betre kollektivtilbodet
- betre miljøtilstanden både lokalt og globalt.

2. Miljøpakke Sogndal

Miljøpakke Sogndal bør innehalde følgjande element:

- ny Loftesnesbru
- miljøluk Gravensteinsgate
- samanhengane gang- og sykkelveg frå Kjørnes/Nestangen til Skjer, Kvåle bru og Kvåle/Gurvin også med monalege forbetringar for gåande/syklende gjennom sentrum
- utbygging av Skyss-stasjonen som eit forsterka kollektivknutepunkt, med m.a. nytt parkeringsanlegg
- kollektivsatsing med timebuss Leikanger – Sogndal - Kaupanger – Mannheller – Årdal.

Dette vil representere eit samla transport og miljøløft for Sogn, styrkja den regionale utviklinga og styrkja Sogndal som regionsenter. Vi vil kort omtale elementa i Miljøpakke Sogndal.

Ny Loftesnesbru

Statens Vegvesen, Region vest har arbeidd med reguleringsplan for ny Loftesnesbru. Ulike alternativ er presentert for politisk og administrativt nivå i forrige kommunestyreperiode. Grunnundersøkingar er gjennomført. Statens Vegvesen har sjølv mynde til å leggja reguleringsplanen ut på høyring, og skal etter planane gjere det våren 2008, slik at reguleringsplanen kan vera ferdig handsama i løpet av året.

Ny Loftesnesbru har vore inne i dei siste Nasjonal transportplanane som Stortinget har vedteke. Loftesnesbrua har svært dårleg trafikk-tryggleik, serleg for gåande og syklende. Brua er bratt, og har heller ikkje tilfredsstillande trafikk-tryggleik for biltrafikken. Reguleringsplanarbeidet for ny Loftesnesbru må gjerast ferdig i 2008, og bygging av ny bru bør starta i 2009/2010. Tiltaket er kostnadsrekne til 80 mill.

Miljøløk Gravensteinsgate

Statens Vegvesen har gjort ein mogleighetsstudie av bygging av eit miljøløk i Gravensteinsgata. I samandraget heiter det m.a.:

"I dag går det litt under 8 000 kjt/døgn gjennom Gravensteinsgata, ca. 6 % av desse er tunge kjøretøy. Auken som følgje av at bompengane blir nedbetalte i Fjærland og på ferjesambandet Mannheller – Fodnes er berekna til å vere ca. 300 kjt/døgn. Litt under 60 % av denne trafikken er gjennomgangstrafikk.

Det er sett på kostnadene ved å byggje eit miljøløk i delar av Gravensteinsgata. Kostnadsoverslaget er på ca. 180 mill. 2007-kr, overslaget har ei uvisse på noko over +/- 25 %.

Mogleighetsstudien viser ein relativ svak trafikkauke (3% auke) som følgje av at bompengane fell vekk på Mannheller/Fodnes og i Fjærland i 2010. Det er uvisse knytt til desse utrekningane, og modellane som er nytta er ikkje kalibrerte i høve til dagens trafikksituasjon. Transportselskap som skal operere kollektiv transport i dette området, og der økonomien i stort grad er avhengig av trafikk-volum, legg ein sterkare trafikkvekst til grunn i sine prognosar.

Bygging av miljøløk i Gravensteinsgata er lagd til grunn i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplan for Sogndal sentrum. Det må gjennomførast eit reguleringsplanarbeid for strekninga Ålkrysset/Sogndalselv i 2008. Eit miljøløk i delar av Gravensteinsgata vil binde sentrum saman, og område Kulturhuset-Sogningen-Trudvang vil verta betre knytt til sentrumsparken-Fjæra-fjorden. Mogleighetene for å utvikla eit samla, triveleg sentrum for dei som kjem til Sogndal for å handle, turistar og for dei som bur i sentrum vert monaleg betre. Miljøløkket er kostnadsrekna til 180 mill. kroner. Bygging av miljøløk i Gravensteinsgata bør starte i 2010.

Samanhengane gang- og sykkelveg

Betre tilrettelegging for gåande og syklende gjev redusert bilkøyning og redusert miljøproblem. Tiltaket verkar også positivt ift. betra folkehelse. Det er i dag bygd ut gang- og sykkelveg for Loftesnes til Kjørnes, og korte strekningar langs rv. 5 og fv. 211. Desse gang- og sykkelvegane heng ikkje saman i eit samanhengane gang- og sykkelvegnett inn til sentrum og gjennom sentrum. Det er grunn til å rekne med ein monaleg auke i bruken av gang- og sykkelveg dersom desse vert bygd saman. Det er serleg viktig med eit godt utbygd gang- og sykkelveg for born og ungdom, studentar og for eldre. Det bør byggjast ut samanhengande gang- og sykkelveg frå Kjørnes/Nestangen til Skjer, Kvåle bru og Kvåle/Gurvin også med

monalege forbetringar for gåande/syklande gjennom sentrum, jf vedlagd skisse. Denne utbygginga gjev også betre tilgang til fjorden og betre sambinding mellom p-anlegg på Øyane og snøggbåtkaia. I skissa ligg det inne om lag 3 km med ny gang- og sykkelveg. Det er trong for å vurdere kostnadene ved denne utbygginga nærare.

Skyss-stasjonen som forsterka kollektivknutepunkt

Skyss-stasjonen i Sogndal er i dag eit kollektivknutepunkt for lokal busstrafikk og ekspressbussar. Det er dårleg utbygd parkeringstilhøve på Skyss-stasjonen. Tilhøva ligg såleis ikkje til rette for å parkere på skyss-stasjonen for så å ta pendlebus til jobb. Betre parkeringstilhøve på Skyss-stasjonen, gjerne kombinert med anna utbygging av dette område, vil såleis leggja tilhøva til rette for auka bruk av kollektiv transportmiddel. Det vil også bidra til å styrkja Sogn som felles bu- og arbeidsområde. Det bør vurderast ordningar med gratis parkering for pendlarar med månadskort, slik dette er gjennomført andre stader.

Timebuss Leikanger – Sogndal - Kaupanger – Mannheller – Årdal.

Betring av busstilbodet vil gje redusert bilkøyring og ha ein positiv miljøverknad. Røynsler frå andre plasser viser at langt fleire nyttar seg av eit busstilbud som har fast frekvens gjennom store delar av dagen – timebuss. Timebuss Leikanger – Sogndal - Kaupanger – Mannheller – Årdal vil også bidra til å binde området saman som felles bu- og arbeidsområde. Det vil vera ein styrkje for alle arbeidsplassane langs denne aksen. Regionsenterfunksjonen vil også verta styrkja ved etablering av timebuss. Det er trong for å avklare med fylkeskommunen og Sogn Billag om kostnadene ved etablering av ein timebuss.